


BOKN BYGDEBLAD

Nr. 1. -jan. 1987 årg. 2

MAGER START FOR SJUKESTOVA?



I eit brev frå sosialdepartementet datert 23.12.1986 om tilsegn om tilskot til nye somatiske sjukeheimplassar står det at Stortinget har vedtatt ei løyving på 108 millionar kroner til åpning av nye somatiske sjukeheimplassar i 1987.

Midlane skal utbetalast med kr. 200.000 pr.døgnplass og kr.133.000 pr.dagplass.

Bokn er sett opp med 6 døgnplassar og 1 dagplass - dvs. eit tilskot på kr.555.000 for drift frå 1.aug. - 31.desember 1987.

Tilsvarande beløp pr.plass er også løyvd til andre sjukeheimar i fylket som skal starta drift i 1987.

Det har heilt sidan planane for små sjukestover i Bokn, Kvitsøy og Utsira starta, vore akseptert at desse små einingane ville bli dyr-

are å driva enn større sjukeheimar, og både Kvitsøy og Utsira har fått midlar tilpassa dette.

Bokn kommune har tatt saka opp med fylkeskommunen og ønskjer møte også med Sosialdepartementet for å drøfta saka. Dersom Bokn for framtida ikkje får midlar til drift av sjukestova etter same målestokk som tilsvarande små sjukestover slik forutsetninga var, vil det skapa store problem for kommunen.

Dei midlane som kommunen nå har fått tilsegn om, er i underkant av 70% av det budsjettet som fylke og kommune har rekna med for å ha ei minimumsbemanning på sjukestova. Det vil seia at ein vil mangla mellom 2 og 300.000 kroner til å driva sjukestova til hausten.

LITT OM 1987 - BUDSJETTET

Bokn kommune sitt budsjett for 1987 vart vedteke i kommunestyret den 16. desember 1986. Bruttobudsjettet har ei ramme på kr.27.381.000,- mot kr.23.427.000,- i 1986, dvs. ein auke på 16,8%. Nettobudsjettet som utgjer summen av skatter, statlege rammeoverføringar samt andre driftsinntekter utgjer kr.13.373.000,- - mot kr.10.264.400,- i 1986. Dette er ein auke på 30,2% i høve til 1986.

Kommunen sine midlar vert etatvis fordelt slik:

| | | |
|----------|--------------------------------|-------|
| Kap. 1.1 | Sentraladministrasjonen | 11,6% |
| Kap. 1.2 | Bokn skule og Bokn musikkskule | 35,4% |
| Kap. 1.3 | | |
| og 1.4 | Helse- og sosial | 29,6% |
| Kap. 1.5 | Kultur - sokneråd | 3,3% |
| Kap. 1.6 | Teknisk etat | 12,3% |
| Kap. 1.7 | Kommunens forretningsdrift | 2,6% |
| Kap. 1.8 | Ymse | 5,2% |

Ein kan merka seg at kultursektoren har svært liten andel av utgiftene. Dette kjem seg m.a. av at ein del av lønutgiftene i denne sektoren vert belasta helse- og sosialsektoren. Men det er heller ikkje til å koma bort frå at kultursektoren totalt sett har lita utteljing økonomisk i kommunebudsjettet.

I budsjettet ligg dessutan drift av sjukestova i 5 mnd. - frå 1. august til 31. desember 1987.

Kommunestyret vedtok å løyva kr.150.000,- til oljegrusing av veg på Nordre Våga og vegen til Are.

Kommunen si gjeld pr.31.12.87 vil bli kr.10.025.000,- eller ca. kr. 13.550,- pr. innbyggjar.

Den sterke auken i driftsutgiftene skuldast mange ting, m.a.:

| | |
|--|--------------|
| Oppstart av sjukestova - 1/2 års drift | kr.825.000,- |
| Drift av kombibygget 1/2 år | " 100.000,- |
| Nye stillingar | " 240.000,- |
| Auke av ordførarstilling | " 45.000,- |
| Innføring av EDB-online | " 55.000,- |
| Bet. for elevar i spes.institusj. | " 65.000,- |
| Ekstra vedlikehald, utbygg. | " 54.000,- |
| Innføring av heildagsbarnehage | " 100.000,- |
| Heimehjelp - prøveprosjekt | " 180.000,- |
| Ajourføring av kart | " 40.000,- |
| Konsulenthjelp | " 25.000,- |
| Konsulenthjelp - kommuneplan | " 150.000,- |
| Løn til mannskap - brannvern | " 50.000,- |
| Næringskonsulent | " 64.000,- |

Budsjettet for 1987 har på lik måte som for 1986 preg av dei store investeringane til kombibygget med i alt kr.9.000.000,-. I tillegg er det og ført opp andre investeringar for 1987 med kr.4.490.000,-. Lånegjelda blir stor for kommunen, men langsiktig med forholdsvis låg rente.

BOKN BYGDEBLAD VERT UTGJEVE AV KULTURKONTORET, BOKN KOMMUNE .
10 UTGÅVER PR. ÅR.

LITT OM 1987 - BUDSJETTET, framhald

Investeringane utanom kombibygget går i stor utstrekning til næringsføremål som bl.a. bygging av almenningsskai i fiskerihavna til kr. 1.300.000,-, leige av konsulenttenester kr.300.000,-, utbetring av Knarholmvegen kr.495.000,- og felles kloakkering kr.500.000,-, kr. 500.000,- til kommunalt ledningsnett og kr.385.000,- i ny veg til Kombibygget.

Det vil bli oppretta nye stillingar i teknisk etat, sentraladministrasjonen, barnehagen og sjukestova i 1987. Til saman vil det dreia seg om rundt 10 årsverk. Fleire blir deltidsstillingar som høver godt for kvinner.

Den store auken i lønsutgiftene skyldes bl.a. lønskostnadene ved drift av sjukestova, oppretting av nye stillingar, utviding av barnehagen til heildagsbarnehage, auka lønsutgifter til heimhjelp, auke av rammetimetall i skuleverket samt reduksjon av delingstalet i skulen.

Eindell av utgifter til løner vert refundert i sin heilhet frå staten/fylket. Eindell av desse utgiftene belasta såleis ikkje budsjettet negativt sjølv om bruttoutgifter løn aukar.

Av bruttobudsjettet for 1987 på kr.12.951.210,- går heile kr.9.045.000,- dvs. ca. 70% til lønsutgifter, arbeidsgjevaravgift og pensjon. I forhold til 1986 aukar lønsutgiftene med kr.2.557.000,- eller ca. 39,4%.

PRINSIPPER FOR PRISFASTSETTING FOR INDUSTRI TOMTER VED KNARHOLMEN

Bokn formannskap gjorde i møte den 20. januar slik tilråding til vedtak ovafor kommunestyret:

1. Arealet til sjø bygsles for ein pris av kr.10,- pr. m². Kommunale avgifter kommer i tillegg.

Tomtene kan bare nyttast til den bruk som der er søkt om. Bokn kommune forbeholder seg derfor retten til å kunne heve bygslingsavtalen dersom tomtene vert nytta til eit føremål som er i strid med søknaden eller i strid med den type virksomhet fiskerihavna er planlagt for. Bokn kommune skal i slike tilfeller ha rett til å overta bygninger på tomtene etter takst.

Prisen skal justerast i samsvar med prisindeksen.

2. De bakenforliggende areal opparbeides av kommunen.

- Der anlegges grusede veger som fører fram til flere tomter.
- Vann og kloakk framføres i vegen.
- Lys/strøm framføres i vegen.

Tomteprisen oppgis ikke som fast pris, men med en antydning til

rundt kr.20,- pr. m². Endelig pris avgjøres av den tomtestørrelse som ønskes, den aktivitet som skal drives og beskaffenhetene av den aktuelle tomten. Vurderingen skal inngå i en helhetsvurdering av utnyttelsen av det lokale arealet. Prisen underlegges en årlig regulering. Avgifter kommer i tillegg.

NY KAI VED FISKE-RIHAVNA VED KNARHOLMEN

Bokn formannskap gjorde den 20. jan. tilråding til vedtak ovafor kommune styret om at ein vil gå inn for at det vert bygd ein kai på 40 m lengde i havna.

A/S Stoltz Røthing sitt forprosjekt vert lagt til grunn for det vidare prosjekteringsarbeidet, og det vert tilrådd at same firma får oppdraget med bygging av kaien.

Bindande tilbud skal liggja føre før arbeidet vert sett i gang.

Almenningsskaien skal plasserast i tilknytning til eit fiskemottak og ein notverkstad, og kaien skal kunna brukast m.a. av desse bedriftene.

Anleggskostnadene vil bli ca. kr. 1.480.000 eksklusiv moms.

ARSMØTETID FOR DEI POLITISKE PARTIA

Dei fleste partia har nå hatt årsmøte. Her er oversikt over aktivitet og val.

Kr.f. har årsmøte 30. januar, og kjem med referat seinare.

BOKN HØYRE

Bokn Høyre hadde årsmøte 8/1-87. Møte vart opna av Jarle Larsen som refererte frå årsmøte i Rogaland Høyre.

På årsmøte i Bokn Høyre vart det diskutert aktuelle emne i og for Bokn kommune.

Eit av dei aktuelle emna var fastlandsforbindelsen og den positive ringvirkninga det kan ha for kommunen.

Bokn Høyre ser og positivt på planane om gasskraftverk på Ognøy. Det vart orientert om den nye helse og sosialplanen for kommunane. Rekneskapet vart einstemmig godkjent.

Det var val av styre for 1987.

Formann: Lars Sigmund Alvestad
Kasserar: Linda Jensen
Styremedl: Svein Ove Alvestad
Kjell Terje Bryningsland
Jarle Larsen

BOKN sENTERPARTI

Bokn senterparti holdt årsmøte den 21. november 1986.

Av årsmeldingen går det fram at partiet i året 1986 har hatt ein fin auke i medlemstalet.

Foruten medlemsverving har partiet diskutert Hovedplanen for Rv.512 og plassering av ferjeleie på Bokn. Partiet gjekk samla inn for Arsvågen som ferjestad.

Ein har og diskutert andre kommunale saker, mellom anna:

Arealdisponering ved Hålandsjøen og vidare sørover til Are, åpen omsorg for eldre, utviding av barnehagen, klassedeling i skulen, stimulering av fritidstilbud for barn og ungdom, oppretting av kommunal stilling i uteseksjonen ved Teknisk etat og BYGDABLADET.

Ordføreren har og gitt orientering om planene for gasskraftverk i Kårstøområdet.

Etter vala er styret samansett slik:

Ingolf Kro, leiar, Sigvart Våga, nestleiar.

Styremedlemmer: Alf Alvestad, Annbjørn Bokneberg, Bertha Våge, Thor Jøsang og Torleif Bokneberg.

BOKN ARBEIDERPARTI

Årsmøte i Bokn Arbeiderparti vart halde den 15.januar 1987.

I 1986 har det vorte halde 4 styremøter og 6 medlemsmøter. Eit av medlemsmøta var ope. Evy Ann Midthun, personleg sekretær for sosialministeren var innleiar på det møtet som omhandla statsbudsjettet for 1987.

1.mai vart markert på tradisjonell måte og talen for dagen ved Arvid Johansen vil bli hugsa. På haustparten held laget ein medlemsfest. I meldingsåret har situasjonen etter at fastlandsforbindelsen vert eit faktum vore mykje diskutert. Partilaget ser det som sær s viktig at kommunen er budd på dei endringar og utfordringar vegutløysinga og fergesambandet fører med seg. Bokn Arbeiderparti vil og arbeida for best moglege løysingar på problem som oppstår under og etter utbygginga.

Vidare har partilaget i samband med at kombibygget snart skal takast i bruk, arbeidd med nyorganiseringa av helse og sosialtenesten i Bokn. Arbeidet med vidare utbygging og tilrettelegging av havne og industriområde ved Knarholmen har vore ei viktig sak i 1986.

Det nye styret vart:

Leiar: Tove Steingildra
Nestleiar: Ottar Alvestad
Sekretær: Arne Hosaas
Kasserar: Bjørn Aarsand
Styremedl.: Ingrid Jøsang
Vararepr.: Gunnar Bokneberg
Wenche Jøsang
Gustav Solberg

Høgare husleige i kommunale bustader

Bokn kommunestyre vedtok den 16. desember 1986 å auka husleigene i kommunale bustader med 15% frå 01.05.1987.

I tillegg til dette var det mindre oppjusteringar i leigene på ein del av bustadene frå same tidspunkt.

Heildagsbarnehage frå hausten 1987

I budsjettet for 1987 er det kalkulert med drift av heildagsbarnehage i Bokn frå skulestart hausten 1987.

Ny ambulansebil

Bokn kommunestyre har løyvd kr. 150.000,- til innkjøp av ny ambulansebil. Bilen skal også nyttast til andre føremål i kommunen.

Midler til aldersbustad

Bokn kommunestyre har sett av kr.165.000,- til nye aldersbustader i tilknytning til kombibygget.

Det vil bli arbeidd vidare med dette spørsmålet i kommunen.

PRESENTASJON AV LAG OG

FORENINGAR I BOKN:

I DAG: BOKN BÅTKLUBB

Bokn Båtklubb ble stiftet våren 1980, etter initiativ fra endel småbåt-eiere. Utgangspunktet var at flere kommuner i Rogaland, hvor det var behov for småbåt-havner, der hadde de kommunale myndigheter gått ut med oppfordring til småbåt-eierne om å danne foreninger eller lag, som i samarbeid med kommunale etater skulle kartlegge behovet for småbåt-plasser m.v. Legge fram ønsker, ideer og planer, i båthavn-spørsmålet.

I Bokn kommune har det vært det vanlige at hver sørget for seg, for de aller fleste hadde jo enten selv, eller gjennom slekt og venner, tilgang til strandgrunn eller naust-tomter o.s.v. Men det er nok verre for jordløse innflyttere og nybyggere. De blir på en måte husville i denne sammenhengen. Interessen for klubben var stor, og den telte i 1981-82, 34 medlemmer, som må sies å være et bra tall. Det ble fra klubbens side lagt fram endel planer, skisser og forslag, bl.a. fikk en ledelsen på fartøyet "Oljevern 2" til å kartlegge "Gamlehavnen" i Alvestadkroken, med nøyaktige dybder og profiler m.v. Men det var jo moloene, og i første rekke den i Føresvik, som virket mest aktuell. Men det viste seg å være endel "skjær i sjøen" ja. Moloene er bygget av Staten, på oppfordring av fiskerne, og bør da forutsetningsvis brukes til fiskeriformål. Og når så å si all grunn inne i moloene er i privat eie, er dette med til å komplisere f.eks. planer om plassering av flytebrygger m.v. Kommunen har nok arbeidet med saken, men vi i klubben synes det har vært liten framgang å spore. På grunn av de få resultater vi oppnådde, sløyfet vi f.o.m. 1985 å kreve inn kontingent, som var kr.100 pr. år. Klubben ble i -82 tildelt kr.5.000,- av kommunale midler, til påbegynnelse av arbeidet med 3 stk. flytebrygger, a 2 x 6 meter. Stålrammene til disse er rustbeskyttet, prøvemontert, demontert og vekkstuet i påvente av at plasserings-spørsmålet blir løst. Vi er nok kommet litt i skyggen i kommunal sammenheng. Men dette får vi skylde på at de kom.etater har de siste årene hatt større og viktigere saker å hankses med. Men med den kommende fastlandsforbindelse og det som måtte følge av det, f.eks. husbygging, tilflytting og økning i folketallet, m.v., så vil nok Bokn Båtklubb også ha sin misjon.

Hilsen


Bjørn Aarsand

MED HELSING TIL ALLE PÅ AUSTRE BOKN

Som dei fleste veit slutta eg å kjøra skulebussen på Austre Bokn 1/1-87.

Vil med dette senda ein takk til skuleborna og foreldra på Austre Bokn for den framifrå fine blomsteroppsatsen eg fekk då eg slutta. Det har vore eit godt samarbeid mellom skuleborna og foreldra den tid eg har kjørt bussen.

Håper at Ellen som no har overteke bussen får eit like godt samarbeid



med skuleborna og foreldra som eg har hatt.

Torbjørn Nedrebø

Vassavgift opp 6% frå 1987

Vassavgifta vart i kommunestyret den 16. desember 1986 vedteke auka slik:

Hus frå kr.360,- til kr.400,-
Hytter frå kr.180 til kr.200,-.

Tilknytningsavgift

hus inntil 15 m² frå kr.4.155,-
til kr.4.404,-.

Auke av satsane for barnehage, førskule og mu- sikkskule

I kommunestyret 16. desember 1986 vart satsane for foreldrebetaling for barnehage og førskule auka med 15% frå 1987.

Elevpengar på musikkskulen vart auka med 14% frå 01.01.1987.

Renovasjonsavgifta opp med 15% frå januar 1987

I kommunestyret den 16. desember 1986 vart renovasjonsavgifta sett opp til kr.410,- pr. år. Det er ein auke på heile 15% i høve til 1986-avgifta.

Jarle Larsen ville auke endå meir, til kr.450,- pr. år. Eit knapt fleirtal, (9 mot 7) meinte at 15% var nok.

Auke av takstane for heimehjelp og husmorvikar

I kommunestyret 16. desember 1986 vart satsane for eigenbetaling for heimehjelp og husmorvikar auka med 10% frå 1. januar 1987.

VAKTLISTE HEIMESJUKEPLEIEN - FEBRUAR 1987

| | | |
|---|--|---|
| MAN. 2. FEBR. TIR. 3 ONS. 4 | ELSE NILSSEN har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag. | GUNN GRØNNESTAD har vakt frå kl.16-08. |
| TOR. 5 | Gunn Grønnestad har vakt heile døgnet til fre.kl.08. | |
| FRE. 6 | Else Nilssen har vakt frå kl.08-16. | Gunn Grønnestad har vakt frå kl.16-08. |
| LØR. 7 SØN. 8 | Gunn Grønnestad har vakt heile helga. | |
| MAN. 9 TIR. 10 ONS. 11 TOR. 12 FRE. 13 | Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag. | Marie Faye har vakt frå kl.16-08. |
| LØR. 14 SØN. 15 | Marie Faye har vakt heile helga. | |
| MAN. 16 TIR. 17 ONS. 18 TOR. 19 FRE. 20 | Else Nilssen har vakt frå kl.08-16. alle dagar unntatt tirsdag. | Gunn Grønnestad har vakt frå kl.16-08. |
| LØE: 21 SØN. 22 | Else Nilssen har vakt heile helga | |
| MAN. 23 TIR. 24 ONS. 25 TOR. 26 | Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag. | Gunn Grønnestad har vakt frå kl.16-08. |
| FRE. 27 LØR. 28 SØN. 1.mars | Else Nilssen har vakt frå kl.08 fredag til mandag 2.mars kl.08, heile døgnet. | |

MERK

På tirsdagane på dagtid utfører heimesjukepleien berre faste pl.oppdrag. Andre som treng hjelp denne dagen kontaktar legekont. tlf. 74 84 65.

LEGE.

Dr. Aune er her kvar tirsdag. Turnuskandidat kjem 2. og siste fredag i kvar månad. I febr.13. og 27.

TELEFONAR.

Else Nilssen 74 83 38
Gunn Gr.stad 74 85 93
Marie Faye 74 84 55
Legekont. 74 84 65

LEGEVAKTTENESTA.

For dei som ønskjer å kontakta legevakta dir-ekte utan om heimesj.pl. er tlf. 85 25 20 Koper- vik kvar dagar mellom kl. 15-08. Lørd. og sønd. døgnvakt.

FOTPLEIE

ONSDAG 11.FEBRUAR 1987.
PÅMELDING TIL SOSIALKONT
SOM VANLEG.

DETALJPLAN FOR BOKN-BRU PROSJEKTET

GODKJENT

Generalplanutvalget i Bokn godkjente den 20. januar 1986 detaljplanen for Bokn-bru prosjektet.

I saksframlegget har kommuningeniøren m.a. følgjande merknader:

Kommunestyret sitt krav om vestre alternativ over Ognøy er innfridd.

Vegen er lagd i grenseområdet mellom dyrka mark/beite og utmark på Austre Bokn.

Eksisterande fylkesveg på Austre Bokn har planfri kryssing med riksvegen.

Kommunestyret sitt krav om å leggja vegen i tunnel mellom pel 7700 og 7800 (Alvestadkroken) er ikkje innfridd. Vegen ligg i skjering under fylkesveg 893 (vegen til Alvestadkroken).

Påkjøringsvegen i Alvestadkroken er utgått av planen, og skal skje via Knarholmvegen.

Det er ikkje utarbeidd modell av alternative løysingar i Alvestadkroken. Støyreduserande tiltak er foreslått.

Vegtraséen vest for bustadfeltet er flytta lengre vest, slik at avstand til næraste bustadhus er ca. 85 m.

Bruhøgd over innsegling til Lauplandsvågen er planlagt til 7 meter.

VEGFØRING GJENNOM ALVESTADKROKEN

Riksvegen vil gå under eksisterande fylkesveg til Alvestadkroken. Max skjeringshøgd blir 4 meter under terrenget. Støyvollar skal

opparbeidast. Eksisterande fylkesveg til Alvestadkroken skal hevast ca. 1,5 meter over riksvegen. Fyllinga ved "bruhovudet" på vestsida av sundet er trukke 40 meter inn frå strandlina. Fyllingshøgda er ca. 10 meter over terrenget. På austsida er fyllinga trekt heilt ut på neset aust for fyrlykta. Fyllingshøgda her er ca. 17 meter.

STØY

Det skal opparbeidast støyvollar frå Boknasund bru og eit stykke forbi fylkesvegen.

LANDSKAPSMESSIG TILPASSING

Fyllinga på austsida av Boknasundet bør trekkjast minst 25 meter inn på land.

BUSSLOMMAR

Det er regulert inn busslommar i Alvestadkroken.

LOKALVEGNETT

Knarholmvegen skal regulerast som lokal tilknytingsveg, og utvidast til 2-feltsveg. Lokalvegen til Føresvik må utbetrast. Det må leggjast særleg vekt på trafikksikringstiltak, då dette er skuleveg.

HURTIGBATTERMINAL

Det bør tilretteleggjast for hurtigbåtanløp i Arsvågen. Med auka tal trafikantar frå Vindafjord/Tysvær til hurtigbåten, vil det

ikkje vera parkeringsplassar m.v. i Føresvik.

GENERALPLANNEMNDA GJORDE SLIKT VEDTAK:

Vedtak:

Bokn formannskap godkjenner den framlagde detaljplanen av desember 1986 for Rv.512 Susort - Arsvågen ferjekai på følgende vilkår:

1. Fyllinga ved "bro-hodet" på austsida av Boknasundet trekk- es 25 m austover.
2. Felles avkjørsel reguleres til friluftsområde ved Ognahamn (ca. pel 2600).
3. Når vegen er åpna for trafikk, skal det utføres støymålingar for å kontrollere støyskjerm- ande tiltak.
4. Generalplannemnda har ingen merknad til det planlagde massetaket nordaust for Tåga- nes. Ein forutset at det vert sådd i og ordna til der massen vert teken ut.
5. Eksisterande fylkesveg frå Knarholmen må utbetras før riksvegen åpnes for trafikk. Særlig vekt må legges på tra- fikksikring av sk levegen.
6. Det må tilrettelegges for hur- tigbåtanløp i Arsvågen.
7. Høgda på undergang på Austre Bokn og på veg ned til indu- striområdet ved Knarholmen må tilfredsstillende dei krav ein har til høgder som gjeld riksvegen. Høgda bør vera 4,5 m.
8. Før ein sett igang med bygging av bru over Lauplandsvågen, må grunne i innløpet skytast bort og fjernast.
9. Vegsjefen må i detaljplanen ta stilling til plassering av eit evt. reserveferjeleie. Bokn komm- une ser det som ønskeleg at mul- igheten for å få dette lokali- sert til den planlagde industri- kaia i industriområdet ved Knar- holmen vert vurdert.

BOKN FISKEMOTTAK A/S FÅR KJØPA TOMT I FISKERIHAVNA

Bokn formannskap rår til at Bokn Fiskemottak A/S vert tildelt ei tomt på 1.500 m² i fiskerihavna ved Knarholmen på følgjande vilkår:

- Byggslingstid for tomta skal vera 30 år med rett til å forlenga byggslingstida med ytterligere 30 år.
- Kvar av partane kan kreve bygslingsavgifta revidert kvart år. Bygslingsavgifta skal just- erast i samsvar med pris- indeksen.
- Tomta kan bare nyttast til den bruk som det er søkt om. Bokn kommune forbeholder seg difor retten til å kunne heve bygslingsavtalen dersom tomta vert nytta til eit føremål som er i strid med søknaden eller i strid med den type virksomhet fiskeri- havna er planlagd for. Bokn kommune skal i slike til- feller ha rett til å overta bygninger på tomta etter takst.
- I tillegg til bygslingsav- gift skal Bokn Fiskemottak A/S betale oppmålingsgebyr samt tilknytningsavgift for vatn og kloakk i samsvar med gjeldande regler.

SANITETEN - KONTINGENT

Landsmøtet fastsette ein kontin- gent for 1987 til krets og orga- nisasjon på kr.25,- for hovedmed- lemmer og kr.15,- for familiemed- lemmer.

Styret sitt forslag til ny konti- ngent er kr.30,- for hovedmedlemm- er, og kr.20,- for familiemedlemm- er. Dette forslaget skal godkjenn- ast på årsmøtet.

Alle medlemmene får frå nyttår av tilsendt eit medlemsblad "Folke- helsen" som er inkludert i medlem- skapet.

FIN JULEAVSLUTNING PÅ SKULEN

OPPTAKTEN TIL JULEAVSLUTNINGA

Omlag ein måned før jul vart lærarane på eit planleggingsmøte samde om å leggja opp til ei annleis juleavslutning enn me har vore van med. Ein diskuterte seg då fram til kva for aktivitetar som høvde bra, og som hadde noko med jul å gjera. Nokre av aktivitetane skulle munna ut i framtrøden på scenen, medan andre grupper skulle ta føre seg pynting av gymnastikksal, baking av julekaker o.l. Ei gruppe tok føre seg "jul i gamle dagar", og her var det sjølve prosessen med utarbeiding av spørsmål og innhenting av opplysningar som skulle vera det viktigaste.

Så kom sjølve arbeidet i gruppene i gong og lærarane gav fleire gonger uttrykk for at ein ikkje hadde venta å finna elevane (særleg då dei største) så motiverte for oppgåva.

På nyåret gjennomgjekk me positive og negative sider ved juleavslutninga, og konklusjonen vart at me ville freista med ei liknande avslutning komande jul.

Helsing Bokn skule

Omlag midt i desember kom skuleborna heim med ei fin innbyding til elevar og foreldre om ein enkel juleavslutning m/graute og julekaker.

Dette året skulle det vera litt annleis. Festen skulle vera om kvelden den 18. desember, og me gjekk til

fest med både glede og forventning. Varmen og julepynten møtte oss i ytterdøra, og då me kom inn i gymsalen vart sikkert mange mållause eit øyeblikk.

I heile den store salen var det dekkja på langbord, og pynta med juledekorasjonar og sjølvlagde bordkort. Alle veggene var dekorerte med store julefigurar, til scenen var det laga eit stort og vakkert teppe der motivet var fra "Stallen i Betlehem" (Julekrybbe).

Fleire fine julespel og sketsjar vart viste frå scenen med stort frimod, det nye barnekoret m/solistar song, det var også andre grupper som framførte song og musikk. Med enkle ord eit flott program.

Menyen var deilig julegraut og saft, etterpå fekk me kaffi og nybakte julekaker frå skulekjøkkenet. Det var sjølvstekt mandel i grauten, og premien var ein boks julekaker. I matpausen vart det selt lodd på to kakehus, der pengane ca. 3.262 kr. skulle gå til Redd Barna.

Skulestyreformannen takka både lærarar og elevar for den fine festen, og for det veldige arbeidet som var gjort på førehand, med planlegging, arbeid på kjøkken og formingssal og ikkje minst øving til eit stort program. Også ei oppfordring til oss alle om og ta godt vare på dei lærarane me har, som er villige til alt dette arbeidet saman med borna våre. Ei stor takk til lærarar og elvar for den fine festen.

Me gleder oss til jul igjen.

Helsing foreldre



||
GODT
NYTT
BOK
ÅR!
||

OPNINGSTIDER:

TYS DAG: 16⁰⁰ - 19⁰⁰

TORS DAG: 10⁰⁰ - 13⁰⁰

tlf: 748465


LESETIPS FOR FEBRUAR:

NYE
bøker for barn:

- * Wassmo, Herbjörg:
HUDLÖS HIMMEL. 1986.
Vinnar av Nordisk Råd sin litteraturpris.
- * Hauger, Torill Thorstad:
I Dorotheas hus. 1986.
- * Stigen, Terje:
VED FOTEN AV KUNNSKAPENS TRE. 1986.
- * Heggland, Johannes:
SEGLET OG VINDEN: I SYNDEFALLETS TEIKN. 1986.
- * Dahl, Tor Edvin:
JOSEF KOMMER #JEM. 1986.

- * Zak, Monica:
BARRIKADEN. 1986.
- * Morisse, Tor:
AUDUN MED ISBJÖRNEN. 1986.
- * Vestly, Anne-Cath:
MORMOR OG DE ATTE UNGENE PÅ SYKKELTUR I DANMARK. 1986.
- * Stien, Laila:
I FARTA. 1986.
- * Holmås, Stig:
APACHE-PASS. 1986.
- * Armand, Yngvil:
HAR I VEIEN. 1986.

BØKER GLEMMER IKKE AT DE EN GANG
VAR TRER.
DE BLOMSTRER



Meir godtgjersle til politikarane

Bokn kommunestyre gjorde i møte den 16. desember 1986 vedtak om å auka godtgjersla til ordførar, varaordførar, formannskapsmedlemmer og formenn i styrer, råd og utval frå 1. januar 1987.

Ordførarstillinga vart utvida frå 1/5 til 2/5 stilling.

Ordføraren gjekk frå som ugild under handsaminga av denne saka. Vedtaket vart avgjort med 13 mot 3 røyster.

Varaordføraren vil få ei godtgjersle på 1/15 av ordførargodtgjersla.

Dette vart vedteke med 13 mot 3 røyster.

Godtgjersla for formannskapsmedlemmer vart auka frå kr.129,- til kr.150,- pr. møte. Dette vart vedteke med 14 mot 2 røyster.

Godtgjersla til formann i skulestyret vart auka frå kr.2.400,- til kr.2.800,-. Vedtaket var med 12 mot 4 røyster.

Godtgjersle til formann i helse- og sosialstyret vart auka frå kr. 1.400,- til kr.2.800,-. Vedtaket var med 13 mot 2 røyster.

Godtgjersle til formann i soknerådet vart auka frå kr.2.400,- til kr.2.800,-. I tillegg tilstås telefongodtgjersle med 200 teljarssteg. Vedtaket var med 13 mot 3 røyster.

Godtgjersle til formann i kulturstyret vart auka frå kr.700,- til kr.1.000,-. Vedtaket var med 13 mot 3 røyster.

Godtgjersle til formann i teknisk utval, brannstyret og bygningsråd

vart auka frå kr.1.700,- til kr. 2.800,-. Vedtaket var med 13 mot 3 røyster.

Godtgjersle til formann i husnemnda vart auka frå kr.1.200,- til kr.1.300,-. Vedtaket var med 13 mot 3 røyster.

Godtgjersle til overformynder vart auka frå kr.800,- til kr. 900,-. Vedtaket var med 13 mot 3 røyster.

Godtgjersle til forretningsfører i forsyningsnemnda vart auka frå kr.1.400,- til kr.1.500,-. Vedtaket var med 13 mot 3 røyster.

Til alle desse framlegga hadde Finn Kro framlegg om å halde godtgjersla på 1986-nivå, men dette ville altså ikkje fleirtalet gå med på.

Vil du låne bort orgelet ditt?

Orgeltimeane har til nå gått føre seg på skulen, men jammen hadde det vore praktisk å hatt eit heime og! Viss nokon har eit orgel dei aldri brukar, kan det få husrom hos meg ei stund. Når orgelet lengtar heim, eller når dei som eig det plutseleg får lyst til å spela igjen, skal det snart vera på plass i stova att.

Helsing Venevil,
tlf. 74 85 08

BARNETRIM

Barnetrimmen startar mandag den 1. februar kl.16 - 17.

UTSMYKKING AV SJUKESTOVA

Kven vil vera med å mala, veva, hekla, strikka, brodera eller på annan måte forma ting til pynt og utsmykking av den nye sjukestova i Bokn?

Kontakt Else Nilssen eller Gunn A. Grønnestad dersom du kan tenkja deg å vera med på dette, så skal vi prøva å organisera det

KLIPP FRÅ ÅRSMELDINGA

1986

FRÅ HERADSAGRONOMANE I TYSVÆR, BOKN OG HAUGESUND

TABELL OVER GODKJENDE INVESTERINGSTILSKOT:

TABELL OVER GODKJENDE INVESTERINGSTILSKOT.

| | TYSVÆR | | BOKN | | HAUGESUND | |
|---------------|-----------|-------------------|-----------|-------------------|-----------|-------------------|
| | tal søkn. | Da/m ³ | tal søkn. | da/m ³ | tal søkn. | Da/m ³ |
| Fulldyrking | 22 | 122,7 | 2 | 6,2 | - | - |
| Grøfting | 9 | 43,6 | 1 | 8,0 | 3 | 10,8 |
| Senking | 18 | 280,6 | 4 | 40,4 | 2 | 50,3 |
| Silo/pressaft | 13 | 2.815,4 | - | - | - | - |
| Planering | 1 | 5,2 | - | - | - | - |
| Jordbruksveg | - | - | - | - | - | - |

Husdyrtalet

Samanlikna med forrige år, hadde ein desse husdyra i dei tre kommunane:

| TYSVÆR | Mjølke kyr | Andre storfe | Vinterf. sau | Avls purker | Sl. sv. | Høns | Hestar | Revar | Minkar | Geiter |
|------------------|------------|--------------|--------------|-------------|---------|--------|--------|-------|--------|--------|
| 1985 | 2.966 | 4.421 | 11.850 | 510 | 11.231 | 21.125 | 79 | 74 | - | 205 |
| 1986 | 2.895 | 4.592 | 12.095 | 524 | 7.349 | 20.696 | 84 | 98 | 100 | 243 |
| <u>Bokn</u> | | | | | | | | | | |
| 1985 | 279 | 619 | 2.630 | 49 | 348 | 5.090 | 1 | 29 | - | - |
| 1986 | 285 | 660 | 2.570 | 43 | 275 | 5.100 | 1 | 30 | - | - |
| <u>Haugesund</u> | | | | | | | | | | |
| 1985 | 274 | 535 | 2.321 | 25 | 1.356 | 381 | 20 | 410 | 158 | - |
| 1986 | 250 | 552 | 2.210 | 20 | 853 | 436 | 16 | 447 | 112 | - |

I BOKN ER DET AUKE I TAL MJØLKEKYR OG ANDRE STORFE. ELLES ER DET SMÅ ENDRINGAR.

LANDBRUKSNEMNDENE

I Bokn blei det i 3 møte behandla 20 saker. 11 saker var etter jord lova, 4 etter konsesjonslova og 5 andre.

B-POST

NAMN _____

ADRESSE _____

ARRANGEMENT FEBRUAR

Bokn Sanitetsforening har årsmøte
fredag den 6.februar på Bokn skule.

Skulekorpset har konsert/årsmøte
søndag den 8.februar kl.16.00 på
Bokn skule.

Idrettslaget har Bingo fredag den
13.februar kl.19.00 på Bokn skule.

8. klasse har karneval for ungdoms-
skuleelevar fredag den 20.februar
på Bokn skule.

Dans

Diskotek - laurdag den 7.februar.

Dans - laurdag den 21.februar.
Arr. BIL.

FOTPLEIE

Det vert fotpleie onsdag den 11.
februar.

Påmelding til sosialkontoret -
telf. 74 85 32.

SANITETSFORENINGA ÅRSMØTE

Bokn sanitetsforening har års-
møte på Bokn skule, fredag den
6.februar kl.19.00.

Årsberetning - valg - forhøy-
else av medlemskontingenten.Kaffi
og litt å bita i.

Loddsalg. Alle velkommen. Styret.